

Hyttemøte 2025

Kultursalen, Vøringsfoss Hotell

26.02.2025

Referatet bør sjåast i samanheng med presentasjonen frå møtet som også er lagt ut.

Innleiing v/ ordførar Timo Knoch

Bakgrunn for hyttemøte – mange ulike saker som berører hytteeigarar og fint med arena der kommunen og hytteeigarane kan møtast.

Agenda:

- Nytt reinseanlegg
- Sysendalen skisenter
- Berekraftsanalyse Sysendalen
- Info om kultur-/idrettstilbodet i kommunen

Nytt reinseanlegg i Sysendalen v/ kommunalsjef Drift & Forvaltning Arne Bu

Arne er også brannmann og nyttar sjansen til å oppfordre hytteeigarar til å setje nummerskilt på hyttene.

EK (Eidfjord kommune) forklarar kvar i prosessen med nytt reinseanlegg kommunen er samt vidare framdrift.

Per no er kommunen i prosess med å lyse ut prosjektet på anbod. Det er delt opp i seks entreprisar, altså seks byggeoppdrag. Til reinseanlegget høyrar det og med naudsynt infrastruktur som utsleppsleidning og overføringsleidningar. Dagens reinseanlegg på Liseth skal rivast og dagens reinseanlegg på Maurseth skal byggjast om til pumpestasjon.

Følgjande entrepriser vert lyst ut:

- Entreprise Grunnarbeid (EG)
- Entreprise Bygg (EB)
- Entreprise Prosess (EP)
 - Reinseprosessen
- Entreprise Maurseth overføringsanlegg (EM)
- Entreprise Riving og ombygging (ER)
- Entreprise Driftkontrollsystem (ED)
 - Overvakingsanlegg

Framdriftsplanen vert synt fram. Denne er kommunen forplikta av Statsforvaltaren til å fylge. Framdriftsplanen er stram, men kommunen ligg per no an til å klare det.

Kostnad

Antatt totalramme for prosjektet er 241 millionar. Faktisk pris er avhengig av kva tilbod som kjem på dei ulike entreprisane.

Referat

Kostnaden for reinseanlegget vert betalt via sjølvkost i Sysendalen avgiftsområde. Det vil sei at det er abonnentane i Sysendalen som betalar både etablering og drift av reinseanlegget via avlaupsgebyra.

Sjølvkostrekneskapet vert styrt av ulike faktorar, som:

- Endeleg prosjektkostnad
 - Går denne ned, betalar de mindre, går den opp betalar de meir.
- Renter har noko å sei for investeringen, ettersom dette påverkar investeringskostnaden
- Tal abonnentar
 - jo fleire abonnentar, jo fleire å dele kostnaden på.
- Nedskrivings tid
 - Dette vil sei kor mange år kostnaden skal fordelast på og dette vert bestemt av antatt levetid for anlegget. Denne levetiden er ulik for ulike delar av anlegget. Sjølve reinseanlegget er rekna å ha kortare levetid enn leidningane.
- Merverdiavgift

Når det gjeld sjølvkost heiter det seg at «inntekter (gebyr) for ei teneste skal ikkje overstige kostnaden med å levere tenesten». Det vil sei at kommunen ikkje skal «tene» pengar på gebyr, gebyra skal berre betale for dei utgiftane me har.

Eidfjord kommunestyre har satt ned eit utval kalla Temautvalet for Sysendalen reinseanlegg. Leiar for utvalet er kommunestyrerepresentant Vidar Riber (AP). Riber presenterer seg og kva utvalet driv med. Utvalet har fått i oppgåve å fylgje prosessen tett og styre retninga.

Spørsmål/kommentarar frå salen:

Spørsmål/kommentar: *Har funnet og påpeika reknefeil i dimensjoneringsgrunnlaget for reinseanlegget. Meiner Sweco (kommunen sin konsulent i prosjektet) har rekna eksisterande hytter dobbelt i sitt grunnlag.*

EK svar: Sweco utarbeida ei forprosjektrapport da prosjektet starta opp. Her vart det gjort ein reknefeil. Kommunen tok dette alvorleg når dette vart oppdaga og tok det med konsulenten. Sweco la seg heilt flat og har revidert grunnlaget. Dei har gått gjennom og talt opp alle hytter på ny. Når det vart rekna på ny var det ikkje vesentleg forskjell frå tidlegare utrekning.

Spørsmål/kommentar: *Er reinseanlegget dimensjonert for 300 ekstra?*

EK svar: Reinseanlegget må takle både eksisterande hytter, men og ei viss framtidig utbygging så lenge det er planlagt og ynskje om vidare utvikling i Sysendalen. Dei er fleire hytter som ligg i planane men som ikkje er bygd. Det er vanskeleg for kommunen å sei kva utbyggingstakten vil vere.

Spørsmål/kommentar: *Framdrift – prosjektet er allereie utsatt, kan det verte utsatt meir?*

EK svar: Det har vore nokon skjer i sjøen som har ført til utsetting av prosjektet, ja. Det måtte utarbeidast ny reguleringsplan for reinseanlegget. Reguleringsplanen fekk motsegn frå Statens Vegvesen som diverre tok lang tid å løyse. Kommunen brukte også mye tid og ressursar på å få til dei mellombelse anlegga i 2023 som for ei lita periode sørga for at utbygging i Sysendalen kunne halde fram. Men ettersom det er pågåande tilsyn frå Statsforvaltaren som forureiningsmynde, har me dei pustande i nakken heile tida. Me har

Referat

ei forpliktande framdriftsplan ovanfor dei og skal vere klar med nytt anlegg i 2027 i fylgje den.

Spørsmål/kommentar: Er det kapasitet til alt som er regulert?

EK svar: Det er lagt til grunn ei utbyggingstakt på 20 hytter i året. Det er altså lagt til grunn ei sannsynleg auke, ikkje det totale talet regulerte hytter.

Etterskrift frå EK: Det vert kommentert under møtet og elles at nokon utbyggingsprosjekt er mindre sannsynleg at vert gjennomført enn andre. Kommunen ser ikkje prosjekttvis på det når me sett ei sannsynleg utbyggingstakt, altså går me ikkje inn i kvart enkelt prosjekt eller planområde og ser på kva me tur vert noko av eller ikkje. Utbygging er styrt av mange ulike faktorar som kommunen ikkje rår over, derunder marknaden og private interesser og anliggende.

Det var vidare fleire spørsmål knytt til gebyrkostnad for hytteeigarane.

EK svar: All investering og drift innanfor vatn og avlaup inngår i sjølvkostrekneskapen til ein kommune. Det er klare reglar for sjølvkostrekneskap i kommunane, og reglane er like for alle kommunar.

I eit sjølvkostrekneskap prøvar ein å utjamne svingningar ved å ta høgde for at det nokon år er få tilknytingar og andre mange. Avrekninga for sjølvkostrekneskapen kan takast over 5 år, det er totalinntekta av tilknytningsavgift og gebyr som skal dekke utgiftene. Ein kan gå med underskot og dekke det inn igjen over ein 5 års periode.

Det var ein tilknytningsboom under pandemien, men no har det avteke veldig av fleire grunnar i tillegg til tilknytningsstopp.

Det er ynskje frå salen om ei betre gebyrutrekning som simulerar gebyra over tid.

Hytteeigarane ynskjer å vite kva kostnadar dei må rekne med i framtida. Det vert påpeikt frå salen at det finst slike program i andre kommunar.

EK svar: EK påpeiker at me har dei same regelverka og verktøya som andre kommunar har, men at det ikkje har vore ynskjeleg for kommunen å rekne konkrete gebyr lengre fram i tid grunna svært store usikkerheit i høve kostnadane med nytt reinseanlegg før det har vore ute på anbod. Det er svært mange faktorar som påverkar kostnaden, blant anna er det store usikkerheit når det gjeld rentenivå. Jo lengre fram i tid ein går, desto meir usikre vert tala, og kostnadane vert dermed vanskeleg for den enkelte å kunne forhalde seg til.

I møte var det orientert om at isolert sett vil ei endring i investeringar med 10 millionar +/- pr. År medføra ei endring i avgiftsnivå pr. År med 600-800 kr. pr abonnent. Avskrivningstid, endra rente og lågare driftskostnad. vil kunne ta ned kostnaden pr år i sjølvkostrekneskapen.

Auka kostnadar til ordinær drift av vatn og avlaup vil kune auke utgiftene, så fokus på eit anlegg som fungerer godt vil påverka avgiftene positivt.

Hytteveivforbundet v/ leiar Kjetil Aarhus

Held eit kort innlegg om at dei driv med medverknad opp mot kommunen og at dei ynskjer fleire med seg. Oppfordrar hytteeigarar til å vere med dersom dei ynskjer å vere med i dette arbeidet.

Sysendalen skisenter v/ ordførar Timo Knoch og rådmann Magnus Steigedal

Ordførar opnar med at Sysendalen skistenter er viktig for både hyttefolk og innbyggjarar i Eidfjord. Han fortel og at skisenteret betyr mykje for han personleg, da han og familien har vore aktive brukarar gjennom oppveksten til barna.

Likevel må lokalpolitikarane sjå heilskapen.

EK tek opp at det er mange viktige prosjekt i kommunen med betydelege kostnader

- Landstraum med utviding av kai
- Eidfjord torg og sjøfront byggjetrinn 2 (torgplass)
- Nytt helsehus
- Ny skule

Kommunen må tenkje på kommuneøkonomien. Det er viktig å ha kontroll på driftsresultatet og EK må sjå nøye på kva me skal bruke pengar på framover.

Rådmann fortel at han starta i jobben i 2023 og har vore involvert i skisenter-saken sidan. Det har vore møte med grunneigar både med førre ordførar og noverande ordførar.

EK leiger arealet skisenteret ligg på. Denne leigeavtalen er no sagt opp av grunneigar. Det har pågått samtalar om ny avtale mellom EK og grunneigar over lengre tid. Det har vore ei lang periode med dialog om avtalevilkåra. Dialogen har vore der, men avstanden mellom EK og grunneigar har vore stor og større enn kva ein kommune kan gå inn i. Det har frå grunneigar vert skriftleg uttrykt at leigesum og avtalevilkår ikkje er forhandlingsbare fleire gonger undervegs i prosessen, noko som gjer reelle forhandlingar vanskeleg og gjennomføra.

Dagens avtale seier tydeleg kva som skal skje om ein ikkje kjem fram til ein ny avtale, i avtalens pkt 9. Grunneigar får då val om å overeta anlegget frå kommunen eller selje området til kommunen.

Avtalen var oppe som sak i Eidfjord kommunestyre 10.02.25. Møtet var lukka, men sjølve vedtaket er offentleggjort. Vedtaket var som fylgjer:

KST - 25/006 vedtak

Eidfjord kommunestyre avsluttar forhandlingane om ny leigeavtale for grunn til skisenter grunna for stor avstand. Vidare prosess fylgjer punkt 9 i leigeavtalen og må være avklart innan 31.12.2025. Dersom grunneigar ikkje vel mellom alternativa sal av tomta til EK eller kjøp av anlegget frå EK, skal Rådmann gå vidare med saka gjennom rettsleg avtaleskjønn knytt til avtalevilkåra i punkt. 9 eller om naudsynt ekspropriasjon etter oreigningslova.

Spørsmål/kommentar frå salen:

Det er tydeleg på kommentarar frå salen at skisenteret betyr mykje for hytteeigarane. Fleire trekk fram at skisenteret er trekkplasteret for å få med ungdommen på hytta. Nokon trekk og fram at utan skisenteret vil hyttene falle betydeleg i verdi.

Spørsmål/kommentar: Meiner kommunen har mykje pengar og råd til skisenter om me vil. Meiner skisenteret er mykje viktigare enn cruise og landstraum.

EK svar: Det er prosjekt og satsingar som har ulik påverknad på kommunen og betydning for kommunens handlingsrom.

Spørsmål/kommentar: Vedkomande har snakka med grunneigar og seier han til no har fått ei leige på kr 2000,- i året.

EK svar: Summen på kr 2000,- er berre for sjølv grunneigedomen og ligg i opphavelag avtale, det er fleire delar som har kome i ettertid og kommunen gjennom Sysendalen Skisenter AS betalar grunneigar til saman kr 60 000,- årleg.

EK legg til at forhandlingane er unnateke offentlegheit etter krav frå grunneigar. Det betyr at kommunen ikkje kan kommentere på ulike påstandar som kjem. Grunneigar sjølv står fritt til å leggje fram det han ynskjer, men EK kan ikkje kommentere på det.

EK kan dermed ikkje kommentere på kva sum grunneigar ynskjer i leige per no, men kan leggje fram summen som vart lagt fram før saka var unnateke offentlegheita. Da var krav om årleg leigesum på 1 million. EK vil og leggje til at det ikkje berre er summen det er diskusjon om, men også sjølv vilkåra i avtalen som nok er eit enda meir krevjande spørsmål enn sjølv leigesummen.

Etterskrift frå EK: EK vil presisere at avtalen inkludert leigepreis som har vore til no tross alt var inngått heilt frivillig mellom begge partar. Ny leigesum og nye avtalevilkår må skiljast frå dette.

Ordførar trekk fram at han har snakka med 9 ulike hyttekommunar frå Flå i Hallingdal til Kvam i Vestland med skianlegg; ingen av dei støtta skisenteret på den måten Eidfjord kommune gjer. Det vert kommentert frå salen at Bykle kommune støttar skianlegget i kommunen. Ordførar påpeikar at dette dog berre er ein av mange kommunar, der fleirtalet ikkje støtter.

I kommunestyremøte 10.02.2025 var det og oppe sak om kjøp av utstyr frå Hardangervidda Ski og Fjellsport AS. Her vart det vedteken å kjøpe komplett snøproduksjonanlegg, men ikkje resten av utstyret.

Kjetil Aarhus, som også er leiar av Sysendalen løypelag, seier nokon ord. Løypelaget er skilt ut fra Sysendalen Skisenter. Aarhus har tro på at dei skal kunne halde fram med langrennstilbodet, men at det er viktig at alle betalar løypeavgiften.

Meiner det er viktig å fyrst få hand om arealet, og deretter finne nokon til å drive det. Aarhus oppfordrar hyttefolk til å ha dialog med grunneigar og høyre begge sider av saka og at det nok meir komplisert en det nokon frå salen har påpeika.

Spørsmål/kommentar: Skisenteret har synt seg vanskelig å drifte, det har vore konkurs ved eit tidlegare høve. Kor mange hytter burde bygges for at det skal være drivverdig?

EK svar: Økonomien i skisenteret handlar meir om korleis det driftast.

Etterskrift til skisenter-saka: EK vil presisere at det er sterkt ynskje frå kommunen med eit skisenter i Sysendalen. Det er også derfor det har vore brukt så mykje tid over desse åra på å prøve å ro i hamn ei avtale. Kommunen kan likevel ikkje gå inn i noko for ein kvar pris. EK har ikkje ubegrensa med midlar me heller og tida er moden for å strame inn. Men vedtaket som er fatta syner at kommunen ikkje har gjeve opp skisenteret, det er berre ikkje sikkert det er mogleg å inngå frivillig avtale.

Berekraftanalyse Sysendalen v/ kommunalsjef kultur, næring og berekraft Lisbeth Celik

Sysendalen er viktig for både hyttefolket, men også for innbyggerane i Eidfjord.

Kommunen held på å gjennomføre ei berekraftanalyse slik at den vidare utviklingen av Sysendalen er kunnskapsbasert. Her vert det vektlagt økonomisk, sosial og økologisk berekraft. Asplan Viak er leigd inn som konsulent til å gjennomføre denne analysen.

Det vil blant anna verte intervjuer og spørjeundersøkingar og EK oppfordrar til å svare om ein vert kontakta.

Analysen vil vere eit kunnskapsgrunnlag når det gjeld vidare utvikling og vil vere viktig inn i til dømes arbeid med planverket i kommunen.

EK tek ei gjennomgang på alle tilboda kommunen har som også hytteeigarar kan nytte seg av, som til dømes kino, galleri med meir, samt framtidige arrangement i bygda.

Kommunen har ein app kalla Civis der det vert sendt ut varslar om ulike ting som skjer i kommunen, derunder viktige beskjedar. Dette i tillegg til kommunen si heimeside og andre kanalar.

Spørsmål/kommentar: Er det riktig forstått at reguleringsplaner har frist på 10 år?

EK svar: Plan og bygningsloven seier at private reguleringsplaner skal vurderast på nytt om deete ikkje er satt i gang tiltak innn 10 år. Planen vert ikkje automatisk oppheva, men det må gjreast ny vurdering. Vurdereeinga går på om planen er naudsynt oppdatert. Er den det kan tiltaka byggast. Det er tiltakshavar som skal stille med denne informasjonen